

# SAMARITAN

En medlemsbåt i NMSK

Navn på båt:	SAMARITAN
Reg.nr/kallesignal, båttype/klasse:	
Bygget (år/sted):	1946 ved Førde båtbyggeri
Byggematerialer:	Tre, bl.a Oregon pine
Motor (type, hk, etc):	?
Lengde, bredde, dyptgåede,tonnasje:	x
Bruksområde:	Ambulansebåt, legebåt og etterhvert fritidsbåt
Eiere og hjemmehavn:	Rolf Juliebø, Eidsneset /Ålesund
<b>Båtenes historie:</b> (Det som finnes - artikler,omtale, etc.)	<p>Ålesunds første Ambulansebåt, bygget av Førde båtbyggeri.</p> <p>Det sies at den har gått i indre Oslofjord på -80-tallet. Leverte kolonialvarer til øyene? Noen som vet?</p> <p>Eies nå av Rolf Johan Juliebø og er tilbake i Ålesunds traktene igjen. Båten er nå under oppussing.</p> <p>Vi har skiftet dekk og dekkbjelker som var originale fra da båten ble bygget i 1946. Det gamle dekket var bygget av origonpine, det var ingen spor av epoxy der. Denne båten er kun bygget i et eksemplar med to GM diesel motorer. Den er bygget i Ålesund ved Sverre Førdes båtbyggeri. Den er bygget med dobbel hud, innerhud eik på eikespant, ytterhud mahogni.</p> <p>NRK oktober 2016:»Norges første spesialbygde ambulansebåt skal få nytt liv».</p> <p><a href="https://www.nrk.no/video/282956">https://www.nrk.no/video/282956</a></p>

Aiourført 2. januar 2020







LAVINETS FORSTE: «Samaritan» var landets første spesialbygde ambulansebåt. Han blir å sjå ulyke Trebaatfestivalen.

# Har hatt 15 fødselar

Ein av hovudgjestane under Trebaatfestivalen 2019 har hatt 15 fødselar om bord. Vi snakkar om ambulansebåten «Samaritan».

Rolf Juliebø, som eig det som var landets første spesialbygde ambulansebåt, kjøpte båten i Trondheim i 2007. I tillegg til å vise fram båten under festivalen vil han halde eit «Samaritan»-foredrag i kjønen ved middagstider laurdag 17. august.

Tankane om å bygge ein ambulansebåt med base i Ålesund dukka eigentleg opp før 2. verdskrig, men bygginga kom ikkje i gang før i 1946, då kjølen vart strekt.

Endeleg i 1951 vart «Samaritan» levert til Ålesund Røde Kors frå Sverre Førde & Co Båtbyggeri i Ålesund. Dermed starta ei ambulanseneste i fjordane og langs kysten på Sunnmøre som varte i snart tjuu år.

Eit rekneskapsoversyn i 1969 slo fast at båten desse åra hadde hatt 7801 oppdrag. 15 gonger var båten fødselsarena.

Det gjekk i ymsande oppdrag til og frå - ikkje berre på Sunnmøre - men også ned til Stadlandet og jamvel nordover til Opdal sjukehus ved Moldefjorden.

To personar - far og son - stod for drifta, som vart finansiert ved midlar frå kvinneforeningar, tilskot frå fiskeflåten, litt statlege midlar

og sjølvsgitt litt betaling frå brukarane.

Det var forresten Sverre Førde & Co Båtbyggeri som også bygde den kjende «Svinten» - Sunnmørsposten sin reportasjebåt. «Svinten» hadde nokre turar som stedfortredar for «Samaritan» - og fekk med seg ein () fødsel.

Det tek til å tynnast alvorleg ut mellom dei som har konkrete minne frå «Samaritan» sine turar på 50- og 60-talet. Men dei finst nok enno.

## Vart cabincruisar

I 1971 kom båten i andre hender og vart etter kvart ombygd til cabincruisar.

Den siste eigaren heldt til i Trondheim og brukte båten bl. a. til demonstrasjonsbått når han selde radarar og ulike

skipsinstrument. Båten gjekk også charterturar i trøndertraktene.

Eg kjøpte ein båt som var temmeleg nedsliten, fortel Juliebø, - med store lekkasjar og rotkadar. Eg bygde hytte bak, skifta spant, kledding og mykje anna. No er han i veldig bra stand.

Eiles gifta Juliebø seg ombord i båten medan han låg i Brosundet i Ålesund i sommar - med god pressedekning i Sunnmørsposten etterpå.

«Samaritan» har i dag to Volvo-motorar, som tilsaman yter ca 700 hestekrefter. Det gir båten ei toppfart på 17 knop, så det skummar godt rundt baugen når han kjem.

Eg brukar båten til turar, der eg gjerne også fiskar litt, fortel Juliebø.

Til venstre: Rolf «Samaritan» på Ekobasen i Frola.

## Ærespris i 2017

I 2017 fekk «Samaritan» Trebaatfondets Ærespris. I statuttene heiter det blant anna: eventuelle tilskot til båten skal nyttast til å auke bruksverdi ved eigeninnsats om bord. Vart også lagt vekt på at båt er i aktiv bruk.

Trebaatfondet er ei viføring av midlar frå Ulls Båtklubb og Trebaatfestivalstiftelsen.

Kom og møt Sami hennes mannskap tellkaia.



## GODT STELL:

«Samaritan» er godt innepakka under vinterdvalen.



FULL FART: «Samaritan» i full fart innover Storfjorden. Festøykollen i det fjerne.



ROLF JOHAN JULIEBØ: Kjøpte «Samaritan» i 2007 på Ekobasen i Frola.